



KONSERTINFORMASJON

Skulekonsertordninga
til Rikskonsertane

2009
2010



Frevo

gitarheltar

Konsert for 8. - 10. årstrinn

Turneen er eit samarbeid mellom

RIKS **KONSERT** ANE



Møre og Romsdal
fylkeskommune



KONSERTINFORMASJON: Frevo

PROGRAMMET

Kva kjenneteiknar ein gitarhelt? Eit kjent riff? Må ein vere ein god gitarist, eller held det å ha langt hår? Uansett sjanger er nitid øving og terping på dei same tinga om og om igjen eit kjenneteikn for gitarheltar. Andreas og Pål har spelt gitar sidan dei var små, og har lagt ned uendeleg mange timar til øving på guterommet. Begge er frå Østfold og er over gjennomsnittet interesserte i gitarar, men er dei gitarheltar av den grunn?

Pål og Andreas legg ut på skolekonsertturné med eit variert program som spenner frå samtidsmusikk via country innom gitarriff til brasiliansk musikk. Dei vil dele nokre historier om kjende og ukjende gitarheltar, og kanskje finn dei nokre potensielle gitarheltar blant elevane?

MUSIKARANE

Frevo er ein gitarduo som består av dei to klassiske gitaristane **Pål Granum** og **Andreas Karlsen**. Dei starta samspelet sitt i 1995, og har no samarbeidd i over ti år som gitarduo. I denne perioden har dei arbeidd breitt med det meste av repertoaret som er skrive for to gitarar, i tillegg til eit stort arbeid med å gjere transkripsjonar av eigna musikk for to gitarar. I desember 2002 gav duoen ut den første CD-en sin, *Whisky*, med musikk av komponistane Astor Piazzolla, Isaac Albeniz, Manuel dei Falla og Egberto Gismonti. Denne utgivinga blei svært godt motteken av kritikarane.





KONSERTINFORMASJON: Frevo

PRAKTISKE KONSERTFØREBUINGAR

- Musikarane bruker langveggen i gymsalen. Elevane sit på stolar i vifteform.
- Musikarane treng hjelp av 6 sterke elevar til å bere utstyr før og etter konserten.
- Musikarane kjem ca. 60 minutt før den første konserten.
- Musikarane treng tilgang til straumuttak, to gonger 16 ampere.
- Driftsansvarleg og involverte lærarar må få ein kopi av denne konsertinformasjonen.
- Konserten vil vare i om lag 40 minutt.
- Kulturkontakten bør vere tilgjengeleg under besøket. Og hugs: Det er alltid hyggjeleg å bli møtt med ein kopp kaffi når ein kjem til ein ny stad.

KORLEIS STYRKJE KONSERTOPPLEVINGA

- Vi ber om at lærarane set seg saman med elevane og er publikum og opplever konserten på lik linje med elevane.
- Bruk konsertinformasjonen og informer elevane, skoleleiinga og lærarane om innhaldet og det praktiske rundt konserten. På www.frevo.no finn de meir informasjon om Frevo. Dei førebudde møta er ofte dei beste.
- Rikskonsertane har god erfaring frå skolar som bruker elevvertar og elevarrangørar. Sjå www.rikskonsertene.no/elevsomarrangorer for meir informasjon.
- Bruk også det vedlagde Bruk konserten-materiellet. Eigarskapen til og effekten av konserten aukar når besøket er forankra i undervisninga og læringsmåla på skolen. Sjå også boka Bruk konserten for fleire idear til undervisningsopplegg: www.rikskonsertene.no/brukkonserten.

Velkommen til konsert!

Opplegg/idé: musikarane i samarbeid med Åshild S. Nygaard

Produsent: Åshild S. Nygaard 2009

Bruk konserten-opplegg: etter ein idé av Matias Iversen og Terese G. Solbakken



KONSERTINFORMASJON: Frevo

Produksjonsnummer: 110V056

SPØRSMÅL OM TURNEPLANEN

Turnélegger Kari Anne Sølvik,
Møre og Romsdal fylke
tlf: 71 25 88 55
e-post: kultursekken@mrfylke.no

SPØRSMÅL OM PROGRAMMET

Produsent Åshild Nygaard
Rikskonsertene, tlf. 22 02 59 45
E-post: any@rikskonsertene.no

FAKTA

Rikskonsertane har det heilskaplege ansvaret for skolekonsertordninga i Noreg og legg dei faglege rammene for verksemda. Skolekonsertane er statleg fi nansierte gjennom budsjettet til Kultur- og kyrkjedepartementet. Fylkeskommunane har ansvar for turnéplanlegging og delar av konsertproduksjonen i sine respektive fylke. Kommunane abonnerer på skolekonsertane til Rikskonsertane, ei ordning som i dag omfattar 99,7 % av alle grunnskolane i landet. 600 000 barn får to årlege besøk av profesjonelle musikarar på skolane sine. Den enkelte skolen står som arrangør av skolekonsertane. Kvart år gjennomfører rundt 800 musikarar 10 000 skolekonsertar i Noreg.

Du finn meir informasjon på www.rikskonsertene.no





BRUK KONSERTEN!

Samspill,
opplevelse
og læring

SPONTANTSKRIVING

Ta utgangspunkt i konserten med Frevo og finn inspirasjonsord saman med elevane til øvinga. Gjennom denne øvinga må elevane arbeide aktivt med eit emne og produsere tekst spontant. Spontanskriving kan senke terskelen og frykta elevane har for det å produsere tekstar, og elevane kan danne seg egne mentale bilete av konsertopplevinga med gitarduoen Frevo.

FAG Norsk

EMNE Skriftlege tekstar

MÅLGRUPPE 8.–10. årstrinn

TIDSRAMME Tidsramme modul 1: ca. 1 time
Tidsramme modul 2: ca. 1 time

RESSURSAR penn og papir, konsertinformasjon, Internett

MÅL LK06

Eleven skal kunne lese og skrive tekstar i ulike sjangrar (...) (norsk, 10. årstrinn). Elevane skal kunne uttrykkje seg presist og med eit variert og nyansert ordforråd i ulike typar tekstar på bokmål og nynorsk (norsk, 10. årstrinn). Skrivning kan også nyttast til å eksperimentere med språkleg rim, rytme og klang (å kunne uttrykkje seg skriftleg i musikkfaget).

FRAMGANGSMÅTE

Framgangsmåte modul 1:

Samtal med elevane om konserten med Frevo. Saman kjem de opp med stikkord som beskriv ulike element frå konserten. Elevane vel eit element til inspirasjon frå konserten, det kan vere musikk, tekst, tema, tittel eller eit sitat. Eksempel på ord frå Frevo kan vere: gitar, gitarhelt, virtuost, eit gitarriff, eit av musikkstykkja, duo, øving, etc. La elevane få lese konsertinformasjonen og sjå på heimesida til Frevo: www.frevo.no. Om du vil, kan elevane jobbe ut frå forskjellige element og ord. Elevane skriv kvar for seg ut frå inspirasjonselementet i ca. 10 minutt. Læraren tek tida og motiverer elevane til å skrive utan stans. Det er ingen reglar for innhald, men det er ikkje lov til å heve pennen frå papiret på desse 10 minutta.

Elevane les tekstane sine høgt i grupper på fire. Nokre av tekstane kan lesast høgt i plenum. Ein kan gjennomføre den same øvinga fleire gonger ut frå den same inspirasjonen, men med føringar for forma på teksten: ein gong som eventyr, så som dikt eller som ein fagleg tekst. Opplegget kan også gjennomførast på engelsk.

Framgangsmåte modul 2:

Elevane sit i ring rundt eit bord og arbeider to og to. Begge vel eit inspirasjonsord frå den førre øvinga på fem–seks bokstavar som dei skriv på eit ark, for eksempel G I T A R. Ordet avgjer lengda på diktet. I dette tilfellet (gitar) blir diktet på fem linjer, med fem setningar. Den første setninga begynner på G, den andre på I, osv. Elevane byter ark og arbeider med å



BRUK KONSERTEN!

*Samspill,
opplevelse
og læring*

skrive dikta i rundt 10 minutt. Etterpå les dei dikta høgt.

Vel så eit nytt ord. Kvar elev har eit ark framfor seg på bordet, og skriv eit ord. Så sender dei arket ein plass til venstre, neste tilfører eit nytt ord, og så blir arket sendt endå ein plass til venstre. Hald øvinga gåande i ca. 10 minutt. Dikta kan så lesast opp i plenum.

Øvinga kan også gjerast i plenum med heile klassen. Då skriv de utgangsortet på tavla, og elevane bidreg ved å rekkje opp handa. For å utvide øvinga kan du no be om ei heil setning. Eit dikt kan bli sjåande slik ut, med utgangspunkt i ordet KANAL:

Krangelen eskalerte
Argumenta blei meningslause
Nakne stod dei i oppgangen og skreik til kvarandre
Andersen kom ut og sa:
Let it be

- KVIFOR**
- Elevane opnar ved spontanskiving for andre skriveopplevingar enn vanleg, fordi dei ikkje har tid til å vere kritiske eller sensurerande undervegs i skriveprosessen.
 - Eleven vil gjennom øvinga "skrive seg inn i" konserten. Dei lagar seg ei eiga historie, skaper ei førforståing. Dette kan auke opplevinga av den reelle konserten.
 - Elevane senkar terskelen for det å skape ein tekst gjennom leik. Det å skrive i fellesskap trenar samarbeidsevna og respekten for andre sitt arbeid.

www.rikskonsertene.no/brukkonserten

